

Hallingdal Juniorspelemannslag
V/Martin Myhr
Nyhusmovegen 7
3579 Torpo

Torpo, 8. januar 2020.

Regionrådet i Hallingdal
v/Jan Olav Helling

Søknad om støtte

Hallingdal Juniorspelemannslag vart starta i 2006 for å gje unge utøvarar på hardingfele i Hallingdal eit fagleg og sosialt tilbod i tillegg til kulturskulane. Det har vore eit vellukka grep, og mange av dei som har vore med i laget, har tatt utdanning innan feltet. 3 har gått på Landslina for folkemusikk på Vinstra VGS, 4 har gått/går på Høgskulen i Telemark, folkekunststudiet på Rauland, 2 har studert på Ole Bull Akademiet på Voss, og 1 gjekk ut frå Norges Musikkhøgskule i fjor. Fleire av dei har i dag folkemusikken som yrke.

I 2010 innlemma vi langeleikundervisning i laget. Der måtte vi gå inn med grunnundervisning sidan ingen av Kulturskulane i Hallingdal har tilbod om dette. Laget har overfor kulturskulerektorar, ordførarar, kultursjefar og andre klagt over det svake tilbodet når det gjeld folkemusikk på kulturskulane. Av 5 skular manglar 3 hardingfele, 4 kveding, 5 langeleik og 5 torader.

Sidan dei kommunale skulane ikkje har tatt grep, har Hallingdal Juniorspelemannslag drive prosjektet Ung Halling sidan hausten 2018. Der driv vi grunnopplæring i torader og langeleik, og støtteundervisning i hardingfele. I haust starta vi også opp eit stort regionalt prosjekt for folkesong, «Kvedarrekrutten». Der er det påmeldt over 20 unge songarar frå 5 kommunar i Hallingdal. Prosjektet gjev også auka folkesongkompetanse til songlærarar frå heile dalen. Vi starta opp i desember, og planlegg ei samling i månaden.

Pr. 1. januar 21 har vi 2 på hardingfele og 3 på langeleik i det ordinære laget, og 5 hardingfele, 6 på torader og 5 på langeleik i Ung Halling. Ein særleg grunn til at vi driv Ung Halling, er at det har ikkje kome opp nye utøvarar på hardingfele på ein del år, og at tilbodet til reisten er ikkje eksisterande.

Vi har skaffa om lag 280.000 i nasjonale middel til prosjektet, men har fått signal om at viktigaste støttespelar, Dextra Musica, ikkje vil gje støtte i lang tid. Tilskotet for i vinter skrumpa med 40 prosent. Underteikna som har drive prosjektet har ikkje funne økonomi til å ta ut løn. Pengane går til lærarhonorar. Hovudlærarar er: Hardingfele: Johanne Løkensgard Mjøs, Torader: Ingunn Stræte, Langeleik: Gunnlaug Lien Myhr, og song: Silje Risdal Liahagen og Helga Myhr.

Hallingdal Juniorspelemannslag
V/Martin Myhr
Nyhusmovegen 7
3579 Torpo

I tillegg til instrumentopplæring, arrangerer laget «Storhelg i Hallingdal». Det er ei av dei største samlingane i landet for tenåringar som held på med folkemusikk og dans. Vi har hatt opptil 100 deltakarar frå heile Sør-Norge, der om lag ein fjerdedel er frå Hallingdal. 2021 blir 7. året, og budsjettet for helga er om lag 250.000,- som vi må skaffe kvart år. Det ligg det mykje arbeid bak! Helga nyttar berre dei beste lærarkreftene og artistane i landet, og har vorte veldig populær. Storhelg i Hallingdal er eit omgrep for unge utøvarar frå heile landet.
www.strhlg.no

Vi håpar at arbeidet vårt gjer at vi blir rekna med når dei avgrensa midlane skal delast. Vanskeleg å koma med ein sum då behovet er stort, og potten sikkert skal delast på mange gode formål. Likevel tillet vi oss og søke om

Kr. 50.000,-.

Gje beskjed om de vil ha meir dokumentasjon, eller har spørsmål.

Vennleg helsing

Martin Myhr (leiar Hallingdal Juniorspelemannslag)
91194081
martinmyhr@aolnorge.no